
Saksnr: 2021/19675-1
Saksbehandlar: Eli Marita Vik Næss

Saksgang

Utval	Utv. saksnr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		25.05.2021

Fv. 5722 Veslebygda - Flo - namn på tunnel og bru

Forslag til vedtak:

1. Den nye tunnelen mellom Veslebygda og Flo på fv. 5722 får namnet Flotunnelen
2. Den nye brua mellom Veslebygda og Flo på fv. 5722 får namnet Fureelva bru

Det vert teke atterhald om at stadnamntenesta på Vestlandet godkjenner skrivemåten.

Samandrag

I samband med bygging av skredsikringsprosjektet Veslebygda - Flo på fv. 5722 må namnet på ny tunnel og bru fastsetjast. Statens vegvesen starta dette arbeidet i samband med utarbeiding av reguleringsplanen. Det er foreslått at tunnelen og brua får namna Flotunnelen og Fureelva bru. Dette har Stryn kommune slutta seg til. Stadnamntenesta på Vestlandet skal gje uttale til skrivemåten. Dei har ikkje fått saka til uttale enno.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Dina Johanne Lefdal
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I samband med bygging av skredsikringsprosjektet mellom Veslebygda og Flo på fv. 5722 i Stryn kommune skal det fastsetjast namn på ny tunnel og ny bru.

Utbyggingsområdet er vist i kartet nedanfor.



I samband med utarbeiding av reguleringsplanen sende Statens vegvesen brev til Stryn kommune 26.02.2018, der namnet på tunnelen vart foreslått til Flotunnelen og namnet på brua vart foreslått til Fureelva bru.

Statens vegvesen har gjort følgjande vurderingar som går fram av brevet til Stryn kommune:

Bru over Fureelva

Noverande bru over Fureelva heiter Furerinden bru. Vi gjer framlegg om at ny bru får namnet Fureelva bru.

Tunnel mellom Veslebygda og Flo

Tunnelar får ofte namn etter dei fjellformasjonane dei går gjennom. Det er ikkje noko felles nemning for fjella over denne tunnelen, men noverande veg i dagen går gjennom eit område som blir kalla Flostranda. Eit alternativ er såleis å gi tunnelen namnet Flostrandatunnelen. Eit anna alternativ er å kalle tunnelen Flotunnelen, etter namnet på bygda som den fører fram til. Flotunnelen er eit kortare og lettare namn enn Flostrandatunnelen. Vårt framlegg er difor at tunnelen får namnet Flotunnelen.»

Sektorutvalet for tekniske saker i Stryn kommune handsama saka i møte 24.4.2018, og var samd i dei namna som var foreslått.

Stadnamntenesta på Vestlandet skal uttale seg om skrivemåte. Stadnamntenesta har ikkje fått saka til uttale enno.

Vedtakskompetanse

I tråd med § 9 i forskrift om stadnamn skal fylkeskommunen gjere vedtak om namna. Etter at vedtak er gjort, skal vedtaket sendast Stryn kommune og Stadnamntenesta på Vestlandet til orientering. Stryn kommune skal kunngjere vedtaket og opplyse om klagerett etter forskrift om stadnamn, jf. §§ 9 og 10. Eventuelle klager skal sendast til fylkeskommunen.

Vurderingar og verknader

Stryn kommune går inn for namna Flotunnelen og Fureelva bru i samsvar med forslaga frå Statens vegvesen. Vi vil difor foreslå at det vert gjort vedtak om desse namna sjølv om stadnamntenesta ikkje har uttalt seg enno. Årsaka til dette er at vi treng vedtaket om namn no i mai for å få dei på plass før ferdigstilling av skredsikringsprosjektet.

Konklusjon

Statens vegvesen har vurdert Flotunnelen og Fureelva bru til å vere dei beste namna. Fylkesdirektøren sluttar seg til Statens vegvesen sine vurderingar og vil tilrå at hovudutvalet godkjenner namna Flotunnelen og Fureelva bru. Det er teke atterhald om at stadnamntenesta ikkje har fått uttalt seg om skrivemåten på namna enno.